

Radøy kommune
Radøyvegen 1690
5936 MANGER

Dato: 08.03.2018
Vår ref.: 2018/7525-3
Saksbehandlar: sigwols
Dykkar ref.:

Att. Andreas Granli

Varsel om synfaring, gnr. 27 bnr. 1 - bygging av landbruksveg - Radøy kommune

Viser til brev datert 09.02.2018 med søknad om landbruksveg i ovanfor nemnde sak. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regionalt sektormynde innan kulturminnevern.

Ut frå våre arkiv er det ikkje kjente automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne innanfor det aktuelle arealet for bygging av landbruksveg, men delar av området har topografiske trekk som gjer at det er potensialet for nye funn. Det er difor naudsynt med ei synfaring før vi kan gje fråsegn i saka. Ved synfaring vil ein ta stilling til om det er påkravd med ei arkeologisk registrering, jf. kulturminnelova §§ 3 og 11. Synfaringa vil bli gjort så raskt som råd.

Vi gjer oppmerksom på at uttak av skog med moderne hogstmaskiner kan føre til store inngrep i marka i form av til dømes kjørespor og slik kan skade ikkje registrerte kulturminne under bakken. Då vi ser at føremålet med landbruksvegen er uttak av skog, vil vi gjennomføre ei synfaring av området for å ta stilling til potensialet for nye funn. Dersom arbeid skal gjennomførast utan at det blir skader på marka, ber vi om tilbakemelding om dette.

Hordaland fylkeskommune ber om at kommunen ikkje fattar vedtak i saka, før vi har gjeve endeleg kulturminnefagleg fråsegn.

David J. Aasen Sandved
kst. fylkeskonservator

Sigrun Wølstad
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.